

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - X56, TI - &13	15/446

Saknr	Utval	Type	Dato
062/2015	Formannskapet	PS	09.06.2015
	Kommunestyret	PS	

Høyring - framlegg om endring av heilagdagslova - søndagsopne butikkar

Vedlegg:

Høringsnotat-søndagsåpne butikker - 27.mars 2015 (L)(1055368)

Høring - forslag om endringer i heilagdagsloven - søndagsopne butikkar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Kulturdepartementet har i brev av 27.03.2015 sendt ut på høyring framlegg om endring av heilagdagslova, for å tillata søndagsopne butikkar. I framlegget vert det opna for at butikkar kan halda opent på vanlege søndagar, og for høgtidsdagane påskeaften, pinseaften og julaften til klokka 16.00.

I framlegget er det og teke med eit anna alternativ , der kvar kommune sjølv skal kunna ta stilling om det skal vera søndagsopne butikkar eller ikkje. Det vert vist til vedlagde dokument for nærmare detaljering og utgreiing.

Vurdering

Administrasjonen viser til at dette er ei høyringsak, og at denne saka først og fremst er av politisk karakter, noko som gjer at ein legg saka fram utan tilråding. Frist for høyringa er sett til 30.juni.

Formannskapet - 062/2015

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Marit Steinestø, KrF la fram følgjande framlegg til vedtak:

Framlegg til høyringsuttale om endring av heilagdagslova – søndagsopne butikkar frå Masfjorden KrF:

Til primærframlegget:

"Masfjorden kommune støttar ikkje regjeringa sitt framlegg til endringar i heilagdagslova som opnar for søndagsopne butikkar, og som er gjort greie for i høyringsnotat 15/1432 datert 27.03.15. Masfjorden kommune vil at ein opprettheld gjeldande lovkrav."

Til sekundærframlegget:

"Masfjorden kommune tilrår ikkje at ansvar for å bestemme utvida opningstid for utsalsstader med omsyn til §5 i heilagdagslova vert overført til kommunane. Masfjorden kommune vil at lovregulering på området skal styrast sentralt og vera lik for alle kommunar."

Røysting:

Framlegg til vedtak frå KrF vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Til primærframlegget:

"Masfjorden kommune støttar ikkje regjeringa sitt framlegg til endringar i heilagdagslova som opnar for søndagsopne butikkar, og som er gjort greie for i høyringsnotat 15/1432 datert 27.03.15. Masfjorden kommune vil at ein opprettheld gjeldande lovkrav."

Til sekundærframlegget:

"Masfjorden kommune tilrår ikkje at ansvar for å bestemme utvida opningstid for utsalsstader med omsyn til §5 i heilagdagslova vert overført til kommunane. Masfjorden kommune vil at lovregulering på området skal styrast sentralt og vera lik for alle kommunar."